



Ordførar Oddvar Grøthe si tale ved bautaen 17. mai 2010

”Så er det 17. mai att. Gratulerer med dagen. Det er ein dag slik den skal vera, med hornmusikk, norske flagg og festpynta folk- Det er den rette ramma for dagen, sjølv om været er noko lunefullt.

Det er ein fin tradisjon å starte dagen her ved bautaen. Det er ei nødvendig påminning om kvifor me kan få feire ein slik fantastisk dag. Det er sjølvstekt lærdommen om 1814 og kva det har betydd, men også alle dei andre årstal og situasjonar som er ein del av fortida vår me tenkjer på her.

Hemsedøler som har kjempa for fridom, nokre har også gjeve livet sitt, for noko dei trudde på eller kanskje vart kommandert til å gjera. Den frie viljen vart sikkert sett på prøve – trur eg. Det var langt frå ei fredleg bygd som vår, til fronten der det vart kjempa harde kampar.

Dei 2 siste åra har Erik Solbakken og Biljana Velic vore festtalarar i Trøimshallen. 2 gode taler som gav meg mykje, også ein del til ettertanke. Erik sitt budskap var at Hemsedal er ei god bygd å vekse opp i, med familien som det sentrale ankeret, og mykje å ta seg til med. Ein god barndom på alle måtar .

Biljana var også svært nøgd med sitt nye fedreland og bygd, men ho fekk også fram at det er i heimlandet hennar, Bosnia, at dei varme hjartekjenslene ligg. Der vaks ho opp i eit land som var roleg og godt, heilt til alt sprakk fyrst på nittitalet. Det trygge og gode landet vart til ein livsfarleg plass å vera fordi fundamentalisme og tru - fortrengde det fornuftige og menneskelege. Slike krefter er farlege, og me ser dei mange plassar rundt om i verda. Fornuft og toleranse tapar for maktsjuka og galskap.

Det er noko eige med den plassen og det landet der ein har vakse opp. Den finaste plassen på jorda er der hjarta vårt er. Dette er subjektivt, men kan ikkje diskuterast. Biljana fortalde kor fint det var å vekse opp i Bosnia, og kor mykje ufred og krig som skulle til før dei følte dei vart nøyde til å rømme til noko nytt. Dei måtte bryte opp frå alt dei hadde fordi hjartelandet ikkje lenger var ein trygg plass å leva vidare i. Slik Biljana sa dette, så var det ei tung avgjerd, og røtene attende er der enno.

Det er mange som er truga til å forleta heimane sine. I fjor kom det nesten 17000 asylsøklarar til Norge. Dei fleste kommunar har trødd til for å gje desse ein midlertidig eller permanent plass å vera. Så også her i Hemsedal. Mottaket på Tuv fungerer bra, og skepsisen som kom fram før etablering var større enn nødvendig. Kommunen ville sikre at bygget og forholda rundt var så trygge og gode som mogleg. Stikkord her er trafikk og brann. Det meste løyste seg etter kvart, og me kan no tenke framover på tenester og samarbeid.

Det er 3. gongen me har mottak her i bygda, og me har vore eit bra vertskap tidlegare. Det ser ut til at me greier det også denne gongen. Det å ta imot mange folk med forskjellige skjebner er ikkje lett. Det er mange forskjellige kulturar og religionar. Det er mangel på eit felles språk, og det tek noko tid før dei kan norsk godt nok til å kunne gjera seg forstått og at me blir forstått. Språk er viktig, men det viktigaste er at me er gode medmenneskje med hjartevarme

Det er mange som fløt frivillig i dag. Me er eit mobilt samfunn der bygdegrensar og landegrensar ikkje betyr like mykje som før. Det å sjølv kunne velja å reise er noko anna enn når ein må. Og det er greit å vita at ein kan koma attende når dette passar ein sjølv. Det er greit når det er den fri viljen som styrer og ein kan besøke røtene når ein sjølv vil.

Friheit og ansvar er to sider av same sak. ”Gjør din plikt , krev din rett” -er eit kjent utsagn. Det er slik eit moderne samfunn må fungere, sjølv om me kan dulle oss inne i vår eiga verd

viss me vil det. Eit fungerande samfunn er samspelet mellom menneska og evna til å gje og ta. Me kan nok greie oss sjølve når me har dei gode dagane, men me treng andre når dei tunge dagane er der. Derfor må me dele dei gode dagane våre med andre som treng nokon å støtte seg på.

Kvifor dette temaet på nasjonaldagen vår her ved bautaen? Steinen bak meg er reist konkret til minne om dei som kjempa for fedrelandet i krigen mot Sverige i 1807 – 1814, og som var eit av fundamenta for det som skjedde på Eidsvoll, og også grunnen til det delvise sjølvstyret me fekk i unionen med Sverige fram til endeleg lausriving i 1905. Steinen kan og vera eit symbol på alt det slit og arbeid som er gjort for å bygge landet og bygda, og det kan og vera eit vitne på at det meste er skapt i lag med andre. Med omtanke og hjartevarme og med sin eigen frie vilje - til det beste for alle .Gratulerer med dagen! Den er vår!”

Oddvar Grøthe
ordfører